



Statens vegvesen

Notat

Til: Per Ove Fossheim, Johann Njaastad
Frå: Geo- og skredseksjonen v/Jens Tveit
Kopi:

Sakshandsamar/innvalsnr:
Jens Tveit - 57655949
Vår dato: 27.02.2014
Vår referanse: 2010/202665-151

Fv 92, Hp 7, Km 12,300 Vik-Arnafjord. Vurdering av skredfare etter hending i Snøgjølet.

Fv 92 mellom Vik og Arnafjord vart synfara måndag 24. februar av Ingrid Hynne og Jens Tveit frå Statens vegvesen. Sigmund Stadheim frå Mesta var med frå entreprenøren si side. Airlift stilte med helikopter. Formålet med synfaringa var vurdering av situasjonen rundt skredstaden etter hendinga søndag kveld. Figur 1 visar oversikt over skredområdet, kart er vist i figur 5.

Situasjon

I heile vinter har austleg ver dominert. Det kom ein heil del nedbør førre veke, mellom 100-150 mm totalt. I løpet av sundagen steig temperaturen, også i høgda, til over 0 grader og nedbøren på dei snødekte flatane gjekk over til regn (kjelde: Xgeo.no). Skredet i Snøgjølet starta som eit snøskred i om lag 700 meters høgde over havet, sjå figur 2. Nedover i skredbana drog det med seg jordmassar, samtidig som det vart meir oppbløyd og fekk ein sørpeaktig konsistens før det nådde vegen. I vegbana ligg det ei blanding av snø, jord og knekte tre. Vegen var sperra i eit strekke på rundt 50-70 meter, og høgda på skredavsetningane varierte mellom 1-5 meter, sjå figur 3 og 4.

Vurdering og tilråding

Snøskredet losna i heile breidda og det var derfor ikkje fare for at eit nytt snøskred nådde vegen. Det låg att ein del snømassar i bekkeløpa. Der det var vassføring under, og snømassane vart oppbløyd var det fare for sørpeskredhendingar. Under synfaringa gjekk det eit mindre sørpeskred i skredløpet. Rydding av skredet var derfor uaktuelt, og det var tilrådd å halde vegen stengd til neste morgon. Etter vurdering av forholda med /skredavsetningar/snømassar i skredløpet vart det starta rydding tysdag morgon, og vegen opna rundt klokka 12.

Faren for nye snøskredhendingar frå Snøgjølet er over for denne gong, men pålagring av nysnø kombinert med vind vil kunne føre til ein ny skredsituasjon. Det er derfor tilrådd å ha oppsikt med losneområdet for å halde kontroll med pålagring av snø i losneområdet. Det er også eit snøskredområde ved Stølaneset som potensielt kan treffe vegen ved km 11.570. Skredet på dette punktet har ein returperiode på om lag 20 år. Denne vinteren har det vore mykje vind frå søraust, og det ligg ein del snø i losneområdet. Dette må takast omsyn til ved fortløpande skredfarevurdering på strekket.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081


Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Det er flere ulike alternativ for å sikre Snøgjølet permanent mot snøskred. Geo- og skredseksjonen vil vere behjelpelig ved vurdering av ulike tiltak.

Utarbeida av:
Jens Tveit

Kontrollert av:
Ingrid Hynne




Figur 1 - Oversikt over skredområde




Figur 2 - Losneområde for snøskredet



Figur 3 - Skredmassar i vegen



Figur 4 - Skredmassar i vegen. Foto: I. B. Hynne, SVV



Figur 5 - Kart over området